

Sollia – Sollien (gnr. 69)

Sollien: Namn av den store gruppa der dativforma er blitt tatt i bruk som nemneform.

Gardsbruket Sollien i Fåberg er nemnt i eit dokument av 1753. Foged Chr. Pram gav da Jon Arnesen "Bredset"; Breiset, bevilling til å bruke Sollien Engeland, "som har været brukt under gaarden Bredset og som beliggende i Hans Mayts alminding, med at han svarer den sedvanlige avgift 4 skilling til Hans Mayts jordebog". Sytten år seinare fekk Jon Larsen Breiset fornying av bygsla på Sollia, det er da opplyst at avgifta 4 skill. var for 2 lass høy. Etter atter tre år var det elles Elling Olsen som hadde "Rydningsslassen Sollien": Han gav da skjøte til Lars Johannesen Langset på "bygningen, rødningen og arbeidet med alle indhegninger paa hans af Holtz Førsten, hugst, havn og festerettigheter i utrasten som han selv har hatt for sum 70 rd." Frå den tid var bruket Sollien nærast å rekna som eit heilt sjølvstendig gardsbruk. Ni år seinare var det Engebret Syversen som hadde overtatt "pladsen Sollien": Han gav da føderåd til Elling Olsen og hustru av "gaarden Sollien i Faaberg Sogn":

Men ved folketellinga i 1801 var det Jon Paulsen med familie som budde i Sollien. Familien var da: 1. Jon Paulsen, husbonden, soldat, 34 år, 2. Kari Erichsdatter, kona hans, 31 år, 3. Erich, son deres, 4 år, 4. Marit, dotter deres, 2 år, 5. Berit Pedersdtr., føderådskone, 73 år.

Seks år seinare gav i 1807 foged Marcus Sodemann Lyng bygselseddel til Lars Larsen paa "et engeland Sollien kaldet under Breset, mot årlig avgift 4 s." Men etter atter tre år fekk i 1810 Jens Pedersen bygselseddel av foged Lyng på "pl. Sollien i Faaberg". Dette med sjølvstende i Sollien var altså likevel berre så som så.

Om storleiken på gardsbruket Sollien går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det såleis under Sollien fortalt at buskapen av store husdyr da var 6 naut, og at den årlege kornavlinga var ikring 10 tønner.

Av 22. april 1839 eit forlik som gjekk ut på at Engebret Larsen Sollien eller Holtlihaugen skulle betale 100 spd. mot årlege avdrag av 10 spd. og etter Maria Solliens død ha forkjøpsrett til Sollia. I dei same år fekk gardane ny matrikkelskyld rekna i skylddalar, ort og skilling, og skylda av Sollien vart da sett til 1 skylddalar 17 skilling, som syner at Sollien var eit heller stort og godt småbruk.

År 1842 den 27. august fekk så Christen Jensen "Kongeligt" skjøte på Sollien mot ei årleg jordavgift til statskassen i form av 5 skjepper bygg. Men samtidig gav så Christen Jensen skjøte til Jens Andersen Suttestad. Med i handelen var vidare at Christen Jensen og kona hans, Kari Halvorsdtr., skulla ha føderåd i Sollien.

Jens Andersen Suttestad hadde Sollia til i 1847. Da skjøta han garden til Erik Johnsen for kjøpsum 212 spd. I Erik Johnsen si brukartid var i 1865 dei store folke- og jordbrukstellingane. Der er det om Sollien i Fåberg fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 66 mål, og av dette var 14 mål jord av 1. klasse. Vidare er det samtidig fortalt at husdyrhaldet i Sollien da var 1 hest, 5 storfe og 5 småfe, og utsæden av korn var ca. 2 tønner og av settepoteter ca. 1 ½ tn.

År 1876 gav så Erik Johnsen skjøte til sonen Johannes Eriksen for kjøpesum 300 spd. + føderåd av 5-årleg verdi 150 spd. – Ti år seinare kom den nye matrikkelen av 1886, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det

var 100 øre i 1 mark. Sollien i Fåberg fekk da eige gardsnummer: 69 av skyld 1,96 mark, og det var da framleis Johannes Eriksen som var eigar og brukar av Sollien.

Etter ajourført matrikkel var Johannes gardbrukar i Sollien også i 1904. Men i 1907 gav enka Mathea Johannesdtr. Sollien skjøte til Haakon og Petter Hanssøner Guldbæk for kjøpesum kr. 4500,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 700,-. Haakon og Petter Guldbæk hadde elles Sollia berre i 3 år. Da selde dei i 1910 garden til Peder H. Aasen for kjøpesum kr. 5500,-.

Året etter, altså i 1911, var det i Sollien ei skyldsettingsforretning, og parsellen bruksnr. 2 Bergen vart fråskilt garden og skyldsett til 0,04 mark. Denne parsellen selde så Peder H. Sollien til kjøpmann O. Borgen.

Av handlar i nyare tid med Sollien eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1927 kjøpte Bror J. Berg grn. 69, brn. 3 Solhytta, og Fredrik Hemma kjøpte i 1926 brn. 4 Granheim. Brn. 6 Heia vart i 1933 selt til Janna og Gunvor Hansen, og Anne Marie Løfgren kjøpte i 1934 brn. 7 Løfgrens tomt. Vidare vart i 1937 brn. 3 Nordheim selt til John Opsahl.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det eitt bruk som da hadde eit jordbruksareal av åker, eng og hage på meir enn 10 mål (da). Det var: Grn: 69 brn. 1 Sollien med eit jordbruksareal på ca. 50 mål, som da tilhørde Laurits Lunke.